



Saksfremlegg

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
2/2022	09.02.2022	Hovedutvalg teknisk, miljø og næring

Oppstart av planarbeid - Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar

Kommunedirektørens innstilling

Hovedutvalg for teknisk, miljø og næring viser til delegert mynde til oppstart av planarbeid med Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar, til plan- og bygningslova kapittel 9 om interkommunalt samarbeid og til same lov § 11 – 13 om utarbeiding og høyring av planprogram til ein kommunedelplan, og vedtek:

1. at det blir meldt oppstart for planarbeid til ein felles sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar
2. at utarbeidd planprogram datert 07.01.2022 blir lagt ut til offentleg høyring

Hovedutvalg teknisk, miljø og nærings behandling av sak 2/2022 i møte den 09.02.2022:

Behandling

Ansvarlig for utarbeidelse av sjøarealplanen, Kjell Lode, orienterte om plana før behandling av saken.
Kommunedirektørens innstilling ble enstemmig vedtatt.

Vedtak

Hovedutvalg for teknisk, miljø og næring viser til delegert mynde til oppstart av planarbeid med Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar, til plan- og bygningslova kapittel 9 om interkommunalt samarbeid og til same lov § 11 – 13 om utarbeiding og høyring av planprogram til ein kommunedelplan, og vedtek:

- 1.at det blir meldt oppstart for planarbeid til ein felles sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar
- 2.at utarbeidd planprogram datert 07.01.2022 blir lagt ut til offentleg høyring

Saksopplysninger

Aukra kommune og Hustadvika kommune har i kvar sine planstrategiar for kommunestyreperioden 2019 – 2023 mål om å starte eit arbeid med ein sjøarealplan på kommuneplannivå. Motivasjonen for planarbeidet er aukande og til dels motstridande ønske om arealbruken i sjø og nasjonale ønske om at sjøareala blir planlagde og får ei meir heilskapleg forvaltning.

Aukra kommune og Hustadvika kommune forvaltar delar av same fjordsystem og sjøområde, og forvaltingsregima påverkar kvarande gjensidig. Plan- og bygningslova (PBL) har ei klar oppmoding til kommunar om å drive plansamarbeid når det er føremålstenleg for å finne løysingar på felles utfordringar, jamfør PBL § 9 -1.

Kommunane har no starta eit arbeid med planlegging av sjøareala gjennom ein interkommunal plan. Initiativet er tatt for å gi eit godt kunnskapsgrunnlag for forvaltninga av eigne sjøareal, og for å kunne bidra til eit samanhengande kunnskapsgrunnlag om sjøareala utanfor Romsdal og Nordmøre. Tilsvarande planarbeid er tidlegare gjennomført for kommunane på Nordmøre og for kommunane rundt Romsdalsfjorden.

Medverknad i planprosessen

Det er mange bruksinteresser knytt til sjøområda. Tradisjonelt har sjøen vore ein allmenning der alle har hatt like rettar. Denne tradisjonen er i sterk endring. Det er lange og sterke tradisjonar for bruk av sjøareal til fiskeri, ferdsel og havbruk. Det er aukande merksemd i samfunnet på biologisk mangfald i og i tilknytning til sjøen og at livskraftige økosystem er sjølve grunnlaget for framtidig bruk og ressurstilgang. Med aukande velstandsutvikling har også bruken av sjøareal til turisme, fritids- og rekreasjonsføremål auka. Planprogrammet bygger på desse føresetnadane og legg opp til ein brei medverknadsprosess. Kommunedirektøren viser til planprogrammet sitt kapittel om medverknad. Medverknadsprosessane startar så snart oppstartmeldinga for planarbeidet er gjort kjent.

Økonomi og tidsplan

Kommunane fekk, etter felles søknad om støtte i 2020, ei løyving på kr 1.500.000,- frå Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond i Møre og Romsdal fylkeskommune til gjennomføring av planarbeidet. Den totale økonomiske ramma for prosjektet er 3 millionar kroner. I denne summen ligg eigeninnsats frå kommunane, innleige av prosjektleiing og kjøp av aktuelle rådgivingstenester. Det skal ikkje gjerast eigne feltundersøkingar i samband med prosjektet.

Planarbeidet starta i august 2021 med ein tilbodskonkurranse for å engasjere ein prosjektleiar. Etter utført konkurranse vart Kjell Lode frå Lode Plankompetanse AS tilsett som prosjektleiar i oktober 2021. Det blir vist til planprogrammet for nærare utgreiing om organiseringa av prosjektet.

Kommunedirektørane skal i denne samanhengen nemne at ordninga med delegert mynde frå kommunestyra til prosjektstyret til å gjere vedtak om planprosessen, jamfør PBL § 9 – 3, andre ledd, ikkje er nytta eller bedt om. Kvar kommune har difor eit felles ansvar for planprosess og at sakshandsamingsreglane etter PBL blir følgde.

Tidsplanen for prosjektet er ambisiøs, og det blir også her vist til planprogrammet. Det var sett som mål at planprogrammet skulle vere ferdig til jul 2021 og at endeleg plan er ferdig til høyring mot slutten av dette året. Første milepel som gjeld planprogrammet, kan kvitterast ut med denne saka.

Økonomiske konsekvenser

Sjå under avsnittet økonomi og tidsplan

Klima og miljøkonsekvenser

Vedlegg:

- 1 Planprogram Interkommunal sjøarealplan for Aukra og Hustadvika kommunar